



Advokatfirma Stiegler ANS
v/Aksel Kayser

Dykkar ref.:

Vår ref.:
14/326 - 24 / ANT

Dato:
19.01.2016

Uttale til klage frå naboeigedom til utsleppsløyve gjeve til bebygd eigedom gbnr. 128/27 - Leirvåg

Austrheim kommune har motteke klage på løyve om utslepp frå minireinseanlegg på gbnr. 128/27. Klagen som er datert 04.01.2016 er kome frå naboar på naboeigedommen gbnr. 128/2 innan klagefristen på tre veker. Klagen frå naboeigedom ligg vedlagt. Vedtaket som Austrheim kommune gjorde den 14.12.2015 var:

Vedtaket

Austrheim kommune gjev utsleppsløyve til minireinseanlegg som omsøkt for gbnr. 128/27 på Leirvåg. Krav til tiltaket og grunngjeving for vedtaket er gjeve i saskutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forureiningsforskrifta §§ 12-5, 12-8, 12-10 - 12-14.

Klagarane skriv i byrjiinga på klagen sin med utheva skrift at:

«Som tidlegare nemnt i denne saka er me prinsipielt ueinige i at ei bedrift (OKV Eiendom) skal kunna driva eigedomsutvikling av ei hytte inne på eit tun 30 meter frå driftsbygning i eit LNF område. Me er også prinsipielt ueinige i at Austrheim kommune kan fatta eit vedtak i strid med våre rettar som grunneigar av gnr. 128 bnr. 2.»

Dei skriv vidare at: *«I ei sak der kommunen kjenner vår haldning frå tidlegare kommentarar, reagerer me på at ein berre tek ei administrativ avgjerd og kjem hermed med ein **klage på vedtaket.**»*

Austrheim kommune ber om at de som søkjar innan tre veker kjem med uttale på klagen om de ynskjer det. Det betyr at me må få ein uttale frå dykk **innan 10. februar 2016**. Klagehandsaminga til kommunen byrjar etter at denne fristen går ut. Klagen vert truleg handsama i formannskapet i Austrheim kommune den 17.03.2016. Dette til orientering.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Vedlegg:

Klage på løyve om utslepp frå minirensesanlegg på gbnr 128/27
Oversendingsmail

Mottakere:

Advokatfirma Stiegler ANS

Mijøconsult AS

Fantoftveien 44 5072

BERGEN